

KOMMISJONSVEDTAK

2004/EØS/56/04

av 15. april 2002

om endring av vedtak 98/320/EF om gjennomføring av et tidsbegrenset forsøk i prøvetaking og kontroll av frø i henhold til rådsdirektiv 66/400/EØF, 66/401/EØF, 66/402/EØF og 69/208/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 1404]

(2002/280/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/400/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av betefrø⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF⁽²⁾, særleg artikkel 13a,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra førvekster⁽³⁾, sist endra ved direktiv 2001/64/EF⁽⁴⁾, særleg artikkel 13a,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av såkorn⁽⁵⁾, sist endra ved direktiv 2001/64/EF, særleg artikkel 13a,

med tilvising til rådsdirektiv 69/208/EØF av 30. juni 1969 om markedsføring av frø fra oljevekster og fibervekster⁽⁶⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF, særleg artikkel 12a, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 98/320/EF⁽⁷⁾ vart det innført eit tidsavgrensa forsøk på fellesskapsplan med sikte på å vurdere om prøvetaking og kontroll av frø under offentleg tilsyn kan vere betre alternativ enn dei framgangsmåttane for offisiell klassifisering av frø som krevst i medhald av direktiv 66/400/EØF, 66/401/EØF, 66/402/EØF og 69/208/EØF, utan at det vil føre til at kvaliteten på frøa går vesentleg ned.
- 2) Kommisjonen held framleis på med å samle inn opplysningar for å ajourføre og utfylle dei opplysningane som alt er lagde fram av dei medlemsstatane som tek del i forsøket i samband med resultatane av denne deltakinga. Kommisjonen held òg framleis på med å samle inn opplysningar om dei prøvene som medlemsstatane har

lagt fram, og som vert kontrollerte ved samanliknande fellesskapsforsøk.

- 3) Etter gjeldande internasjonal praksis, medrekna den praksisen som er vedteken av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) og Det internasjonale frøkontrollforbundet (ISTA), er det framleis tillate med tidsavgrensa forsøk med prøvetaking og kontroll av frø.
- 4) Følgjeleg bør det tidsavgrensa forsøket lengjast, og vedtak 98/320/EF endrast tilsvarende.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnane frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I artikkel 4 i vedtak 98/320/EF vert datoen «30. juni 2002» bytt ut med «31. juli 2004».

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 15. april 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 99 av 16.4.2002, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/2003 av 31. januar 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 10.4.2003, s. 3.

⁽¹⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2290/66

⁽²⁾ TEF L 25 av 1.2.1999, s. 27.

⁽³⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66

⁽⁴⁾ TEF L 234 av 1.9.2001, s. 60.

⁽⁵⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66

⁽⁶⁾ TEF L 169 av 10.7.1969, s. 3.

⁽⁷⁾ TEF L 140 av 12.5.1998, s. 14.